



Magne Huglen, her med polsk tolk under møtet i haust for "våre nye landsmenn". (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Formannskapet sa nei til søknaden om bruk av den ambulerande skjenkeløyva i samband med Hut-konserten i Dønhaug-låven i jula og difor er det Magne Huglens faste løyve for perioden 2008/2012 som må nyttast.**

**Men saka er ikkje ferdig med det - no går ho til Fylkesmannen.**

Det er Huglen som har bede om det, fordi han meiner kommunen har tolka paragraf 4-1 i alkohollova feil. Saksbehandlar Mette Guddal ber om at Fylkesmannen kjem med si tolking av denne paragrafen.

I den aktuelle paragrafen heiter det at fleire skjenkeløyver til same lokale berre kan gis til ein løyvehavar med mindre det i løyvingane blir fastsett skjenkjetider som ikkje er overlappande.

Saksbehandlaren skreiv i saka at viss ein skjenkestad har bestemt seg for å ha permanent skjenkeløyve, kan ein ikkje sei frå seg dette når det passar. Same skjenkestad vil då drive med ulike konsept og saksbehandlaren meiner dette vil vera ei omgåing av lova.

Dette inneber då at all skjenking på Dønhaug er det løvehavar magne Huglen som er ansvarleg for, skreiv Mette Guddal.

Av Ola Matti Mathisen